



Natur, fiske og friluftsliv: Brandal Båtlag ønsker ikkje at det skal vere høve til å starte næring innan akvakultur på strekninga frå Brandal sentrum til Karlhaugen. Båtlaget meiner administrasjonen i Hareid kommune saboterer eit kommunestyrevedtak som seier at prosessen med å omregulere til natur, fiske og friluftsliv skal starte. (Arkivfoto).

Båtlaget er ikkje nøgde

Svaret som Hareid kommune har kome med tilfredsstillar ikkje Brandal Båtlag. Dei meiner framleis at administrasjonen driv med sabotering.

● **Anne Gry Eilertsen**
anne.gry@vikebladet.no

Brandal Båtlag ventar på at sjøområdet frå Brandal sentrum til Karlhaugen skal bli regulert frå NFFFA-område (Natur, fiske, ferdsel, friluftsliv, akvakultur) til NFF-område (Natur, fiske, ferdsel, friluftsliv).

18. juni 2015 vedtok Hareid kommunestyre at «administrasjonen skal legge fram sak om rullering av NFFFA-arealeet i løpet av 1. kvartal 2016», og dette er bakgrunnen for at Brandal Båtlag har purra kommunen, og kome med krav om at vedta-

ket skal setjast ut i livet straks. Men Brandal Båtlag er altså ikkje nøgde med svaret dei har fått frå Hareid kommune ved Kai-Rune Bjørke:

«1. Administrasjonen har lagt fram sak om rullering av kommuneplanen sin arealdel i formannskapet 7.3. 016. Jamfør formannskapet sitt vedtak i PS 25/16 Rullering av kommuneplanen sin arealdel - oppstart og prosess. Vedtaket var samrøystes.»

Brandal Båtlag viser til at dette gjeld den generelle rulleringa av kommuneplanen.

- Men etter vedtaket i PS 49/15 vart det faktisk vedteke at rulleringa av NFFFA-området i Brandal ikkje skulle vente på den generelle rulleringa men takast opp for seg sjølv i løpet av 1. kvartal 2016. Konkretisert tyder dette før 1. april 2016. Vedtaket er sabotert. Framlegget frå rådmannen om å vente på den generelle rulleringa fall med 16 mot 4 røyster.

Brandal Båtlag går også i rettet punkt to i svaret dei har fått frå administrasjonen:

«2. Av vedteken aktivitet og framdriftsplan ser ein at det vert lagt opp til handsaming av planprogrammet i formannskapet den 9.5. 2016. Vedtaket i PS 49/15 og problemstillinga kring endring av NFFFA-sjøområdet i Brandal vil verte omtala og vurdert der.»

- Her syner administrasjonen atter ein gong at dei saboterer vedtaket i PS 49/15. 9. mai er i 2. kvartal 2016, og det er den generelle rulleringa som vert omtala. Også under dette punktet syner administrasjonen at dei arbeider i strid med kommunestyrevedtaket, svarer Brandal Båtlag.

Heller ikkje punkt 3 i svaret frå administrasjonen fell i god jord hos Brandal Båtlag:

«3. På bakgrunn av prosjektet marine grunnkart, har formannskapet vedteke å få utarbeid Marin Næringsplan. Denne

planen vil gje eit godt grunnlag inn i rulleringa av kommuneplanen sin arealdel, med tanke på å vurdere framtidige lokalitetar for sjøretta næring.»

På akkurat dette punktet er Brandal Båtlag samde med administrasjonen, men legg til i svaret sitt:

- Men det har ingenting med vedtaket i PS 49/15 å gjere. Kommunestyret sitt vedtak i PS 49/15 går nemleg ut på å endre status på området utanfor Brandal uavhengig av kva vurderingane i den generelle rulleringa fører til.

- Ordførar for alle

Rådmannen sitt framlegg fall med 16 mot 4 røyster. Likevel held administrasjonen fram med å arbeide som om framlegget vart vedteke. Dette er maktbruk i strid med demokratiske spelereglar. Ansvaret for at kommunestyrevedtak vert sett ut i livet, kviler på ordførar og deretter dei andre fol-

kevalde i formannskap og kommunestyre. Særleg er dette viktig når administrasjonen saboterer vedtak eller ikkje gjer jobben sin av andre grunnar. Brandal Båtlag veit at ordføraren tilhøyrer mindretallet i denne saka. Vi har notert oss at han nekta representanten Bernt Brandal eit oppfølgings spørsmål om vedtaket frå PS49/15 til det misvisande svaret frå rådmannen i møtet 17. 3 2016. Dette er i strid med reglement for kommunestyret pkt 22. a): «... Debatt er ikkje tillate, men spørsmålsstillar har høve til å stille eitt tillegsspørsmål...»

- Brandal Båtlag reknar likevel med at han er ordførar også for oss - og ikkje berre for dei som har same mening som han. Brandal Båtlag ber med dette ordførar Anders Riise om å sette vedtaket i PS 49/15 ut i livet straks, heiter det i svarbrevet, som er underteikna av sekretær Sigurd Eliassen.

Ordføraren vil svare seinare

Ordførar Anders Riise seier at han vil studere brevet frå Brandal Båtlag betre før han kjem med ein kommentar til avisa.



I retten: Per Sævik og Havilafjord AS går no rettens veg for å sikre seg forkjøpsretten til Fjord1-aksjar. ARKIVFOTO

Ventar lang dragkamp om Fjord1

Fjord1, som nyleg la fram eit kjemperesultat, er eit viktig bein å stå på for Per Sævik og Havila Holding.

Vestlandsnytt skriv at før rettssaka startar i Sogn tingrett, skal Konkurransetilsynet konkludere om kva dei mei-

ner om at Torghatten AS skal ha aksjemajoriteten.

Familieselskapet Havilafjord AS eig 41 prosent av aksjane i Fjord1, og går no rettens veg etter at Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok å selje aksjane sine til Fjord1 sitt konkurrerende selskap Torghatten AS, utan at Havilafjord fekk nytte seg av

forkjøpsretten. Årsrekneskapen for 2015 viser at Fjord1 hadde eit resultat før skatt på 212 millionar kroner, ei dobling samanlikna med 2014. Per Sævik seier til Vestlandsnytt at ei av årsakene til det sterke engasjementet for å bli hovudaksjonær frå Havilafjord si side, er framtidsutsiktene.

MARKISER • SCREEN

STOR VÅRKAMPANJE!

Inntil **-30%**

Ring oss på
tlf: 911 50 200

Fasade
PRODUKTER

www.fasadeprodukter.no